

---

**Fra:** Arne Magnar Kvamme  
**Sendt:** 21. juni 2017 13:00  
**Til:** 'beatriz.friscione@skyss.no'  
**Kopi:** Kristin Moe; Ragna Midtbø; 'arne.johan.saele@gmail.com'; 'Laila Anita Eidsheim'; Olaf Michal Hella; elisabethmehlwinge@yahoo.no  
**Emne:** Skuleskyss for ungdomsskule-elevar frå Feste

Hei;

Som du er kjend med frå tidlegare, har det vore fleire initiativ for å betre skuleskyssen på ettermiddag mellom Tofting og Feste.

Viser her m.a. til tidlegare kontaktar frå Knarvik ungdomsskule, og sist til epost frå FAU v/Danielsen Ungdomsskule Frekhaug 10.05.17.

Saka her gjeld å få korresponderande rute frå Tofting og utover, slik at samla reisetid vert noko kortare.

Me har 09.06.17 fått skriv (epost) frå ein forelder i krinsen, der ho ber om at den aktuelle ruta blir forlenga fram til Haukås når det er reisande dit.

Eg legg ved kopi av skrivet.

Begge desse tilhøva er det Skyss/Hordaland Fylkeskommune som regulerer, og har mynde til å avgjere. Likevel er både praksis og opplæringslova slik at skuleskyss skal organiserast i samråd med kommunen.

Me ber dykk difor i denne samanhengen å ta særleg omsyn til

- samla reiseveg og –tid, både for elevane ved Knarvik ungdomsskule, Danielsen Ungdomsskule Frekhaug, og evt. andre friskular
- at standard på vegstrekninga frå Seim og utover gjer denne delen av reisa meir krevande
- at strekninga Feste – Haukås kjem i tillegg og «på tampen av» ei elles lang skulereise

Me håpar de kan finne fram til ei forsvarleg løysing som er til gagn for elevane.

Med helsing

**Arne Magnar Kvamme** | Rådgjever på oppvekst

E-post: [arne.kvamme@lindas.kommune.no](mailto:arne.kvamme@lindas.kommune.no) | Telefon: +47 56 37 52 89 eller +47 474 60 969

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)

